



Lindås VVS N.T. AS
Pb 42
5951 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/758 - 17/21149

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
13.07.2017

Ferdigattest stikkledning for vatn - gbnr 55/27 Bruvoll

Administrativt vedtak. Saknr: 336/17

Tiltakshavar: Atle B. Andersen
Ansvarleg søkjar: Lindås VVS N.T. AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 13.05.2015. Løyve for tilkopling kommunalt vassverk gitt i vedtak datert 07.05.2015.

Det vert elles vist til søknad motteken 10.07.2017.

Skildring

Adresse tiltak:	Træland
Tiltak:	Privat stikkledning for vatn
Dimensjon	63 mm vassledning

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for privat stikkledning frå kommunal målestasjon og fram til gbnr 55/27.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.



Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/758

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Atle B. Andersen

Trælandsvegen 24 5956

HUNDVIN

Mottakarar:

Lindås VVS N.T. AS

Pb 42

5951

LINDÅS